



# Innst. S. nr. 19

## (2004-2005)

### Innstilling til Stortinget frå finanskomiteen

St.prp. nr. 80 (2003-2004)

**Innstilling frå finanskomiteen om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 73/2004 av 8. juni 2004 om innlemming i EØS-aftala av direktiv 2003/71/EF om det prospektet som skal offentleggjerast når verdipapir vert lagde ut til offentleg teikning eller vert tekne opp til omsetnad (prospektdirektivet)**

Til Stortinget

#### SAMANDRAG

##### Bakgrunn

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 73/2004 av 8. juni 2004 vart vedlegg IX (finansielle tenester) til EØS-aftala endra. Endringa omfatta innlemming av direktiv 2003/71/EF av 4. november 2003 om det prospektet som skal offentleggjerast når verdipapir vert lagde ut til offentleg teikning eller vert tekne opp til omsetnad (prospektdirektivet). Hovudføremålet med direktivet er å gjere det enklare og rimelegare for føretak å hente inn kapital i den europeiske verdipapirmarknaden, utan at dette går ut over omsynet til investorane.

Ettersom gjennomføringa i norsk rett krev lovendring, vart avgjerala i EØS-komiteen teken med etterhald om samtykke frå Stortinget, i samsvar med § 26 andre leddet i Grunnlova.

Avgjerala i EØS-komiteen og direktiv 2003/71/EF i uoffisiell norsk omsetjing følger som trykte vedlegg til proposisjonen.

##### Nærmare om direktivet

Direktiv 2003/71/EF om prospekt som skal offentleggjerast når verdipapir vert lagde ut til offentleg teikning eller vert tekne opp til omsetnad, vart vedteke 4. november 2003. Direktivet erstattar direktiv 89/298/EØF om samordning av krava til utforming, kontroll og spreiing av prospekt som skal offentleggjerast når ver-

dipapir vert lagde ut til offentleg teikning. Vidare erstattar det delar av direktiv 2001/34/EØF om vilkår for opptak av verdipapir til notering på børs, i tillegg til opplysningar om desse instrumenta. Hovudføremålet med direktivet er å gjere det enklare og rimelegare for føretak å hente inn kapital i den europeiske verdipapirmarknaden. Direktivet freistar å gje fleksible ordningar for utferdarselskapa, utan at dette går ut over omsynet til investorane. Prospektkrava er baserte på internasjonale standardar.

Dei mest sentrale føresegnene i direktivet inneholder reglar om i kva tilfelle det skal utferdast prospekt, og om utforming av og kontroll med prospekt. Det vert lagt opp til at prospekt som vert godkjende etter direktivet i ein medlemsstat (heimstaten), skal kunne få eit "EØS-pass" slik at det ikkje er naudsynt å søkje om ny godkjenning dersom utferdaren samstundes eller seinare (innanfor den perioden prospektet er gyldig - hovudregelen er 12 månader etter godkjenninga), ønskjer å gje eit offentleg tilbod eller få verdipapira opptekne på regulert marknad i ein annan medlemsstat. Dermed vert det mindre høve for statar som ikkje er heimstatar for prospektet, til å krevje at heile prospektet vert omsett til deira språk. Ein vil likevel alltid kunne krevje at eit samandrag av prospektet vert omsett til språket i den staten som tilbodet vert retta mot eller der verdipapira vert tekne opp til handel. Det er vidare fastsett reglar for korleis eit prospekt skal offentleggjerast, og for annonsering i samband med utferdinga.

Direktivet inneholder i tillegg til dei materielle føresegnene, reglar om kva styresmakter som skal ha kompetanse til å godkjenne prospekt og kva verkemiddel og sanksjonsmakt desse skal ha.

Direktivet er ein del av EU sin handlingsplan for finansielle tenester (Financial Services Action Plan). Direktivet er eit rammedirektiv som ein reknar med vil verte utfylt gjennom regelverk som er fastsett ved komitologiprosedyrar (dvs. at Kommisjonen har fått delegert makt frå Rådet, men får hjelp av ekspertar frå

medlemsstatane). Kommisjonen har til no vedteke ei forordning (kommisjonsforordning 2004/809/EF) med utfyllande føresegner til direktivet.

Fristen for gjennomføring av direktivet og dei tilhøyrande utfyllande føresegnene i EU er 1. juli 2005.

### **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Gjennomføringa av direktivet medfører auka kontrolloppgåver for dei aktuelle styresmaktene. Spørsmålet om kva organ som skal utføre desse oppgåvene og i kva grad kostnader til kontroll skal dekkjast av brukarane av ordninga, er blant dei spørsmåla som må granskast og vil verte nærmare omtala i seinare framlegg for Stortinget. Dei mest aktuelle organa i denne samanhengen er Kredittilsynet og Oslo Børs.

Det er grunn til å tru at direktivet i utgangspunktet vil medføre ein viss auke i kostnadene for føretaka ved at fleire enn tidlegare vil verte omfatta av plikta til å utferde prospekt. Dette må likevel sjåast i samanheng med at føremålet med direktivet er å redusere kapitalkostnadene for føretaka. Samstundes inneber løysingane i direktivet innsparingar for føretaka på visse område, mellom anna ved at det i større grad enn tidlegare vert opna for tilvisingar frå prospektet til tidlegare utferda dokument og for ombruk av delar av prospektet.

### **Konklusjon og tilråding**

Regjeringa tilrår at Stortinget samtykker til godkjenning av direktiv 2003/71/EF om det prospektet som skal offentleggjerast når verdipapir vert lagde ut til offentleg teikning eller vert tekne opp til omsetning (prospektdirektivet).

### **MERKNADER FRÅ KOMITEEN**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Ranveig Frøiland, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Torstein Rudihagen

og Hill-Marta Solberg, frå Høgre, Svein Flåtten, Torbjørn Hansen, Heidi Larssen og Jan Tore Sanner, frå Framstegspartiet, Gjermund Hagesæter, leiaren Siv Jensen og Per Erik Monsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, Audun Bjørlo Lysbakken og Heidi Grande Røys, frå Kristeleg Folkeparti, Ingebrig S. Sørfonn og Bjørg Tørresdal, frå Senterpartiet, Karin Galaaen, frå Venstre, May Britt Vihovde, og frå Kystpartiet, Steinar Bastesen, viser til avgjerd i EØS-komiteen nr. 73/2004 av 8. juni 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2003/71/EF om det prospektet som skal offentleggjerast når verdipapir vert lagde ut til offentleg teikning eller vert tekne opp til omsetnad (prospektdirektivet) krev samtykke frå Stortinget på grunnlag av Grunnlova § 26 andre leddet, jf. EØS-avtala art. 103.

Komiteen har lagt innstillingsutkastet fram for utenrikskomiteen, som i brev av 27. oktober 2004 opplyste at den ikkje har merknader til utkastet til innstillinga.

Komiteen sluttar seg til forslaget frå Regjeringa.

### **TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og til det som står framfor, og rår Stortinget til å gjere følgjande

#### **vedtak :**

Stortinget samtykker til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 73/2004 av 8. juni 2004 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2003/71/EF om det prospektet som skal offentleggjerast når verdipapir vert lagde ut til offentleg teikning eller vert tekne opp til omsetnad (prospektdirektivet).

Oslo, i finanskomiteen, den 2. november 2004

**Siv Jensen**  
leiar

**Svein Flåtten**  
ordførar